

## **Søknad om økonomisk støtte til utbygging av Jølster Skisenter**

Jølster Skisenter AS (heretter kalla JS) er i dag eit godt utbygt skisenter med regional status og god infrastruktur. Endringar i snøtilhøve samt ønske om ytterlegare aktivitetar og brukargrupper knytt til anlegget gjer det naudsynt å utvikle og tilpasse anlegget for framtida. Ei slik utvikling vil gje stabilitet i anlegget og sørge for at heile Sunnfjord har eit stabilt og godt tilbod om aktivitet av høg kvalitet.

Eit Jølster Skisenter som er tilpassa enno fleire brukargrupper og med meir føreseielege vilkår er viktig for attraktiviteten til ein region med potensiale til stor vekst. Med bakgrunn i dette søker vi Sogn og Fjordane Fylkeskommune om å støtte utviding av skisenteret med kroner 6 000 000

### **Bakgrunn**

JS opna i januar 2007 regionanlegget for alpint i Sunnfjord. Utbygginga resulterte i eit anlegg med:

- 540 m høgdeskilnad
- 4 km med preparerte trasear
- nytt snøproduksjonsanlegg og lyssetting.
- Anlegget har i dag 4 heisar:
  - Ein T-heis, ein tallerken heis og 2 barneheisar, derav 1 tallerken heis.
- Utbygginga av Jølster Skisenter er forankra i fylkesdelplanen, fleire kommunedelplanar i Sunnfjord, samt Sogn og Fjordane Skikrins sin anleggsplan.

Anlegget tener den aktive idretten, turisten samt breidda blant folk flest og reiselivet i regionen. JS er majoritetseigd av idretten og kommunane i regionen. Jølster Skisenter er arena for mange alpine arrangement, frå heilt lokale renn, til internasjonale FIS-renn. Jølster Skisenter er såleis eit allmennytting, og i svært stor grad dugnadsdrive anlegg.

Skisenteret har i løpet av perioden 2007 til 2018, gjennomført fleire utviklingstiltak, både med og utan spelemiddelfinansiering. Her ligg det mellom anna tiltak som utviding av snøproduksjonsanlegget, ny barneheis ved Mellomstasjonen og ny varmestove ved Mellomstasjonen.

JS er registrert i anleggsregisteret med anleggsnummer 28713 og har status i gjeldande kommunedelplan, og fylkesdelplan for idrett og friluftsliv.

### **Beskrivelse av plan**

JS arbeider i dag med kartlegging og systematisering av mogelege alternativ for vidare utvikling av senteret med tanke på stabile snøtilhøve og ytterlegare bruksområde og brukargrupper. I dette prosjektet er det allereie kartlagt hovudkostnadene i form av utvikling av ny heistrase, flytting av serviceanlegg høgare opp i traseen og inkludert i dette er infrastruktur og logistikk knytt til begge desse tiltaka. I dette ligg då ny heis, ny trase, lysanlegg, servicebygg, utbetra veg opp i anlegget, vasstilførsel til snøproduksjon og snøproduksjonsanlegg.

Tilrettelegging for vinteraktivitetar utover alpint som langrenn, hopp, jibbing, toppturar og liknande er alle aktivitetar som treng dei same føresetnadane som alpint og som brukar dei same ressursane og maskinene for tilrettelegging. Å samle dette rundt eit anlegg gjev fleire brukarar, betre drift og totalt sett høgare aktivitet på ein felles arena. Desse gruppene vil bli tatt omsyn til for å kunne integrerast i anlegget med tilrettelagde arenaer.

Målgruppene for denne satsingar er turistar og alpinistar i alle kategoriar av vinteridrett som kan bruke eit stort og effektivt anlegg for vinteridrett i hjartet av Sunnfjord.

Ringverknadane av ei slik utvikling er store og treff naturleg nok reiseliv og aktivitet knytt til dette i Jølster og resten av Sunnfjord sterkest. Regionen har allereie i dag god effekt av skisenteret og ei ytterlegare satsing vil gje enno fleire brukarar og høgare omsetnad enn i dag. Bukvaliteten og attraktiviteten for Sunnfjord vil også få eit solid løft med ei slik satsing. Tilgang på eit solid anlegg med stabile og gode tilhøve gjer regionen meir attraktiv og komplett. Sunnfjord får med dette høve til å gi enno fleire mogelegheiter for aktivitet i friluft gjennom auka tilbod av aktivitet og alle med stabile snøtilhøve.

### **Økonomi**

Sjå eige vedlegg for oversikt på kostnadane på hovudpostane samt finansieringsplan.

Jølster Skisenter AS søker med dette om kroner 6 000 000 i tilskot frå fylkeskommunen til utvikling og utviding av skisenteret på Jølster

Ta kontakt om det er behov for meir informasjon om prosjektet.

Med helsing  
Jølster Skisenter AS

Geir Opseth  
styreleiar